

Møtebok for

## Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag på Instedalen skule onsdag 04.03.20 kl. 19.30

**Desse møtte:** Odd Vonen, Marius Ness, Andreas Sørebo, Olav Svoen, Ivar Teigen, Inge Svorstøl, Svein Svorstøl, Linn Renate Fimland, Arne Dvergsdal, Narve Fimland, Kjell Klopstad, Anders Neset, Gudmund Eimhjellen og Normund Svoen

### Sakliste

#### **Sak 1 Val av møteleiar**

Normund Svoen vart vald

#### **Sak 2 – Val av skrivar**

Anders Neset vart vald

#### **Sak 3 – Val av to til å skrive under møteboka**

Svein Svorstøl og Marius Ness vart valde

#### **Sak 4 – Godkjenning av innkalling**

Det har vorte sendt ut tekstmelding, lagt ut melding på Facebooksida og oppslag på «Det skjer» i Firda. Samrøystes godkjent

#### **Sak 5 – Godkjenning av dagsorden**

Denne vart samrøystes godkjent

#### **Sak 6 – Årsmelding 2019**

Normund gjekk igjennom årsmeldinga summarisk. Etter gjennomgangen av den fyldige årsmeldinga, informerte Arne Dvergsdal litt om reinsdyrforvaltninga. Flokken er på 85-90 dyr. Det var verdt å nemne at Turlaget har søkt om 5 helikopterflygingar kvart år i 5 år. Denne skal ikkje føregå nærare enn 1 km frå villreinen.

Vi har fått skryt for hjorteregistreringa. Har vorte betre no. Likevel; vektregistrering må skjerpast inn. Dette må takast opp på møte for jaktfeltleiarane før jakta hausten 2020.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

#### **Sak 7 – Rekneskap for 2019**

Rekneskapen syner ein saldo på kr 90 267 på driftskonto, og kr 30 555 på storvaldkonto (tidlegare prosjektkonto). Vi fekk inn ca. kr 21 000 på fiskekort/båttutleige og parkering - omtrent som i 2018. Vi fekk også innbetalt all utestående fellingsavgift før Storvaldet sin konto vart overført til utmarkslaget.

Revisjonsmelding vart lesen opp, denne var funnen godkjent av revisor.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Anders informerte om rekneskapet for storvaldet før overføringa til utmarkslaget.

## **Sak 8 – Val**

Styret 2019 har vore samansett slik:

**Leiar** Normund Svoen (på val)

### **Styremedlem:**

Odd Vonen (ikkje på val)

Anders Neset (på val)

Gudmund Eimhjellen (på val)

Kjell Klopstad (ikkje på val)

### **Varamedlem:**

Narve Fimland (på val)

Inge Svorstøl (på val)

### **Revisorar:**

Olav Svoen (på val)

Torstein Svorstøl (på val)

### **Valnemd:**

Andreas Sørebo, leiar (går ut)

Arne Dvergsdal (på val)

Leiar av valnemnda, Andreas Sørebo, la fram si innstilling.

- **Val av leiar:** Normund Svoen vart attvald
- **Val av 2 styremedlemer:** Gudmund Eimhjellen og Anders Neset attvalde
- **Val av 2 varamedlemer:** Narve Fimland og Inge Svorstøl attvalde.
- **Val av 2 revisorer:** Olav Svoen og Torstein Svorstøl vart attvalde.
- **Val av 2 personar til valnemd:** Arne Dvergsdal vald som ny leiar av valnemnda. Andreas Sørebo vald innatt som medlem
- **Val av 1 person som vara til valnemd.** Ein lukkast ikkje med å velje ein ny vara til valnemnda, og styret får fullmakt til å finne ein kandidat.

### **Sak 9 – Eventuelt**

Vi har fått nokre tilbakemeldingar på at garna ved Svobrua er noko øydelagde. ØNU har ansvaret for dette og vil sjå over desse.

Elles har det kome nokre tilbakemeldingar om at bord ved Svobrua vert brukt til å sløye fisk på. Å setje opp eit fiskebord til å sløye fisk på vil vere ei god løysing, og eit oppslag om dette.

Nokre av båtane treng reperasjon. Arne Dvergsdal melder seg frivillig til å reparere på dei til våren, når veret tillet det.

Leiar takka for godt samarbeid i styret, og takk alle som bidreg med arbeid i laget på eit eller anna vis.

Møtet vart heva kl. 20:37.

Ref.: Anders Neset, 06.03.20

Svein Svorstøl

Marius Ness